

Årsmelding

Øystese Kyrkjelyd, 2019

- godkjent av Øystese sokneråd 10.mars 2020 -

Soknerådet hadde 10 ordinære soknerådsmøte i 2019. I tillegg var det ei rad møte i dei ulike komiteane i soknerådet (trusopplæringsutval, diakoniutval, utval for kunst, kultur og kyrkjemusikk og bygningsutval).

Heile soknerådet m/vara var innkalla og møtte til soknerådsmøta:

Sokneprest Lars Arne Vik

Oddvar Ulltang – leiar

Hans Atle Soldal – nestleiar

Anne Marit Rykken – skrivar

Trude Femsteinevik – kasserar / kontaktperson Himal Partner

Bodil Lie Øyri – Kirkens nødhjelpskontakt

Kjell Arne Gjørn

John Kristian Rykkje

Sidsel Iren Neteland Linga

Varamedlemer:

Anne Luth-Hanssen Oma

Hege Dale

Helge Erik Olsen

Rannveig Linga

Gunnvor Utne Mæland

Årsmøtet i kyrkjelyden vart halde 17. mars. Då vart årsmelding og rekneskap for 2018, godkjent av Øystese sokneråd 10.mars, lagt fram til orientering.

I tillegg til denne årsmeldinga er det utarbeidd og innsendt til Kyrkjerådet "Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2019" med tal frå arbeidet i Øystese sokn.

Gudstenester m.m. i Øystese sokn i 2019 (2018-tala i parentes):

Det er halde 36 (26) søndagsgudstenester i Øystese kyrkje med eit snitt på 109 (141) deltakarar.

31 (23) born er døypte. Det var 23 (19) konfirmantar, 2 (7) vigslar og 28 (21) gravferder. Det er halde utegudsteneste i Øysteseparken andre påskedag og skulegudstenester. Kvar tredje veke utanom juli er det andakt i tredje etasje på Øysteseheimen, på dagsenteret på Øysteseheimen og på Mikkjelsflaten.

Presten går og vitjar fast dei som ynskjer besøk i første og andre etasje på Øysteseheimen kvar tredje veke. Også barnehagane har vore på besøk i kyrkja, tilrettelagt av kateketen.

Totalt tal deltakarar på alle gudstenestene var 3932 (3669).

Offer til kyrkjelydsarbeidet var kr 38.836,- (73.271,-) Offer til lag og organisasjonar vart kr.97.136,- (63.041,-)

Rekneskapsresultatet for 2019 viser eit underskot på kr. 6.154,- (kr 4223,-). Saldo bank ved årsavslutning kr. 41.236,- (kr 43.492,10). Rekneskapa er revidert og godkjend.

Kyrkjeleg fellestråd:

Øystese Sokneråd sine representantar i Kvam Kyrkjelege Fellestråd var i 2019 Oddvar Ulltang (vara Sidsel Iren Neteland Linga) og Hans Atle Soldal (vara Kjell Arne Gjørn).

Kvam kyrkjelege fellestråd hadde i 2019 seks møte i samsvar med vedteken møteplan, og gjorde vedtak i 37 bokførte saker. Fellestrådet hadde ved årets utgang 13 tilsette, 10 kvinner og 3 menn.

Viser elles til eiga årsmelding for fellestrådet.

Også i 2019 har kyrkjeverje invitert soknerådsleiarane til samtale og felles info, rett etter fellestrådsmøta.

Kyrkjebladet:

Kyrkjebladet for Kvam og Jondal trur me vert lese av ein stor del av bygdefolket og er eit godt bindeledd innan kyrkjelyden.

Redaksjonen av bladet er no knytt til staben i kyrkja, redaktøransvaret går på omgang.

Open Kyrkje sommaren 2019:

Soknerådet vedtok på møte 30. april at Øystese kyrkje skulle vera Open vegkyrkje også i 2019. Kontaktpersonane var Hans Atle Soldal, Helge Erik Olsen og Samson Håland jr. Dei hadde med seg følgjande medhjelparar: Kjell Arne Gjørn, Kjell Helvik, Gro Ålvik, Eli Kvarv, Ann Kristin Teigland, John Kristian Rykkje, Samson Håland og Ragna Helene Vestrheim.

I perioden 15. juni til 18. august, vart kyrkja opna kl.11.00 kvar dag og stengd kl. 21.30, utan vakt. Me har også dette året hatt eit flott samarbeid med Kabuso, som har opna kyrkja kvar dag. Samarbeidet er grunngjeve med at kyrkja framstår som ein av tre sentrale kulturberarar i Øystese, saman med Ingbrigt Vik museet og Kabuso. Om kvelden vart den stengd av vaktkorpset. Open Kyrkje - tilbodet har fungert godt, og mange menneske, mest turistar, men og bygdefolk har nytta høve til ei stille stund i kyrkja, og legg gjerne att ei takkehelsing i gjesteboka. Stor takk til alle som deltok i gjennomføringa!

Kyrkjelydsavtale mellom Øystese sokneråd og Himal Partner.

Øystese kyrkjelyd har samarbeidsavtale med Himal Partner. Tore og Ragnhild Skeie frå Kvam har arbeidd som tilsette i Nepal fram til mai 2015. Soknerådet sin kontaktperson har vore Trude Femsteinevik.

Avtalen omfattar informasjon om arbeidet til kyrkjelyden og innsamling av støtte til dei prosjekta Himal Partner til ei kvar tid treng støtte til. Ved kvar gudsteneste vert arbeidet til Himal Partner bede for i forbøna.

Arrangement:

Soknepresten vår, Lars Arne Vik, har i løpet av året invitert til 9 musikalske føremiddagstreff i kyrkja midt i veka, og 3 tema-, kyrkjelyds- og songkveldar.

Sokneprest Roar Strømme har invitert til 4 samlingar med kyrkjeclubb for psykisk utviklingshemma. Me er mange som set stor pris på desse møtestadene som etter kvart er faste innslag i kyrkjeåret. Elles er me også glade for at lokale kulturbeararar arrangerer konsertar i kyrkja vår!

Trusopplæring i Øystese i 2019: Kari Furnes Aalvik og medhjelparar har stått for søndagsskularbeidet. Dei har gjennomført 3 samlingar pr. semester i møterommet, bårhuset. Gjennom året har kateket og kyrkjelydspedagog, i samarbeid med soknerådsmedlemer, invitert til følgjande trusopplæringstiltak: **Krølletreff** for 3-åringar i mai, samling kring utdeling av **4-årsbok**, førskulesamling med utdeling av 6-årsbok, **Legoklubben** for 2.trinn med samlingar i Øystese bedehus, **Tårnagent** for 3. trinn, felles for Norheimsund og Øystese og **Lys Vaken** for 5.trinn i Norheimsund kyrkje, felles for Øystese og Norheimsund.

Elles har det vore **Babysong** i Norheimsund kyrkje, med 5-10 deltakarar frå Øystese kvar sesong. **Småbarnstreffa** er også innarbeidd i Norheimsund kyrkje. Med innslag frå Øystese innimellom. Dette er eit tilbod til vaksne som er heime med born på dagtid, følgjeleg stor utskifting av deltakarar. Programmet er songstund for borna med Olav Skeie Lid, lunsj og leik til slutt. Tilbodet var annankvar onsdag kl. 10-12. 31. oktober var det **HalloVenn** i Norheimsund kyrkje for alle born i Kvam (5 – 10 år spesielt inviterte). Heile 160 born kom for å få eit alternativt tilbod til «halloween-feiringa». Her vart det 17.mai og karneval på ein gong, med andakt og song i starten. Det var 14 stasjonar med aktivitetar og kafè. Stor takk til alle som er med på desse flotte møteplassane!

Barnekora: Dirigent Eirin Beate Åserud-Løvlid har i samarbeid med foreldregruppa i koret stått for dette tilbodet i 2019. Me set stor pris på arbeidet, og gleder oss over at kora deltek på gudstenester og syng m.a. på Mikkjelsflaten og Øysteseheimen.

Diakoni: Diakoniplanen vart vedteken i dei fire sokneråda i mars 2018. Gjennom 2019 har arbeidet i diakoniutvalet, med leiar Hans Atle Soldal, halde fram i samarbeid med nyttilsett diakonarbeidar, Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland. Soknerådet er svært takksame for arbeidet fram mot eit breiare diakonalt tilbod, og at me har fått prosjektmidlar til å kunna tilsetja diakon i Kvam!

Konfirmantarbeid: Det var 23 konfirmantar i Øystese sokn skuleåret 2018-19. Ansvaret for dette utfordrande og viktige arbeidet har sokneprest Lars Arne Vik. Soknerådet arrangerte ein fin konfirmantfest rett etter samtalegudstenesta 7. mai.

Fasteaksjon 2019: Fasteaksjonen vart gjennomført på ein god måte 9.april. Innsamlarane – konfirmantar og sjåførar - vart takka med bollar og saft i bedehuskjellaren då arbeidet var gjennomført. Tal på konfirmantar kan variera betydeleg frå år til år, og det er ei utfordring å kunna rekkja over alle rodane under innsamlingsaksjonen. Me har fått med oss andre frivillige og har også lukkast å få med fjordårskonfirmantar. Dette året vart det samla inn kr. 37.000,-(33.057,-)

Kyrkjebygget:

I 2019 har prestesakrestiet blitt oppgradert med tenelege garderobeskap og møblering. Elles er det kontinuerleg utbetring og oppgradering av inventar og interiør. Kvam kyrkjelege fellesråd har laga ei prioritertingsliste for utbetring av kyrkjehusa. Utvendig maling av Øystese kyrkje står framleis i kø.

Personalsituasjonen 2019:

Kyrkjelege stillingar:

Nye arbeidstakarar dette året:

- Anja Øvrevik Lofthus tilsett som klokkar i Ålvik frå september 2019.
- Sigrid K Eriksen-Tufteland tilsett som diakonimedarbeidar frå 1/11-19
- Solomampionona Andriamandimby tilsett som kateket frå 1/1-2019
- Hans Soldal vikar for kyrkjevevjerje tilsett frå 1/8-2019

Permisjonar:

- Olav Skeie Lid permisjon frå 1/8-19 til 31/7-2020
- Sevi Asgarova, kantor, var ute i svangerskapspermisjon fram til 1. august 2019.

Medarbeidarar som har slutta i 2019:

- Ingvill Lilletveit Kvåle
- Astrid Gjestvang

Ved utgangen av året hadde fellesrådet såleis 13 personar tilsett, med tilsaman 8,74 årsverk. Desse fordeler seg slik.

Hans Soldal	kyrkjeverje/dagleg leiar	100	%
Solomampionona Andriamandimby	kateket	100	%
Sevinj Asgarova Øvrehus	organist	80	%
Margrete Lid Kjosås	organist	100	%
Monica S. Skogvoll	kyrkjetenar	80	%
Anne Kari Sørheim	sakshandsamar	60	%
Solveig Sangolt	kyrkjelydspedagog	60	%
Sigrid K Eriksen-Tufteland	Diakonimedarbeider	50	%
Eva Oppen	kyrkjetenar	30	%
Franckie M Andrianaivo	kyrkjetenar	100	%
Heine Ugletveit	kyrkjegardsarbeidar	100	%
Lillian H. Fosse	klokkar	7	%
Anja Øvrevik Lofthus	klokkar	7	%
+klokkarteam i Vikøy og Øystese			

Samarbeid med Øystese indremisjon: Me er stolte over det mangeårige samarbeidet om å løna ein tilsett ungdomsarbeidar. Vidar Sangolt og alle hans medarbeidarar har også dette året gjort ein framifrå innsats i det kristne ungdomsarbeidet! Me vil også takka for lånet av tenelege og fine rom i bedehuset til m.a. fasteaksjonen og konfirmantfest! Soknerådet og ØIM arrangerte juletreffest i bedehuset 6. juledag.

Sluttord

Me vil takka prestane våre og alle tilsette for arbeidet dei utfører i bygdene våre! Takk også til pensjonert prost Arne O. Øystese for teneste i Øystese kyrkje dette året.

Me vil også takka klokkarteamet for det solide arbeidet dei gjer, og for bidraget deira til foreldregruppa for ungdomskoret!

Gjennom året er det gledeleg mange barn og unge som deltek på dei ulike møteplassane i kyrkja, og det er stor oppslutning om dåpen i Øystese. Ein stor takk til foreldre og familie som kjem til kyrkje med det kjæraste dei har! Me er også takksame for dei mange frivillige medarbeidarane som på ulikt vis er med og byggjer felleskap med sine gåver.

Soknerådet 2015 – 2019 vil takka alle dei flotte menneska me har møtt gjennom denne perioden, og håpar at også det nye rådet får 4 gjevande år i eit positivt og godt fellesskap!

Soli deo gloria!

På vegne av soknerådet, 10.03.2020
Oddvar Ulltang
Leiar